

Møteprotokoll

Utval: Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Møtestad: Kommunehuset, Evje
Dato: 8.1.2015
Tidspunkt: 11.00 – 15.00

Faste styremedlemmer som møtte

Namn	Funksjon	Representerer
Leiv Rygg	Medlem	Bygland kommune
Ragnhild Bjåen	Medlem	Bykle kommune
Ole Tom Guse	Medlem	Forsand kommune
Margunn Nedrebø	Medlem	Gjesdal kommune
Trine L Danielsen	Medlem	Hjelmeland kommune
Ånen Werdal	Medlem	Hægebostad kommune
Brit Olimstad	Medlem	Kvinesdal kommune
Jonny Liland	Nestleiar	Sirdal kommune
Torkel Myklebust	Medlem	Suldal kommune
Tarald Myrum	Leiar	Valle kommune
Oddmund Ljosland	Medlem	Åseral kommune
Meiken Messel	Medlem	Aust-Agder fk.
Hilde Gunn Bjelde	Medlem	Rogaland fk.
Oddlaug Tjomsland	Medlem	Vest-Agder fk.

Frå administrasjonen møtte

Namn	Stilling
Guro Sødergren	Områdeforvaltar
Alf Odden	Områdeforvaltar
Tarjei Haugen	Områdeforvaltar

Andre som møtte

Namn	Stilling
Per Ketil Omholt	Sakshandsamar, Fylkesmannen i Aust- Agder
Reidar Sanddal	Naturopsyn, SNO

Vi stadfestar med underskriftene våre at innhaldet i møteprotokollen er i samsvar med vedtaka på møtet.

Tarald Myrum (sign.)

Leiv Rygg (sign.)

Ole Tom Guse (sign.)

Sakliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr.
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/15	Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
ST 3/15	Referatsaker		
ST 4/15	Orienteringssaker		
ST 5/15	Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - planutkast til styregodkjenning		2013/679
ST 6/15	Nasjonalpark som verneform i dei sentrale delane av SVR?		2014/3412
ST 7/15	Tilbud om å overta forvaltingsansvar for verneområder		2014/5035
ST 8/15	Høringsuttalelse- endring av forskrift om vern for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområdet		2014/1487
ST 9/15	Søknad om midlar til tiltak i verneområda i 2015		2014/4636
ST 10/15	Godkjenning av tiltaksplan for "Erstatningsbiotop Svartevatn"		2014/5166
ST 11/15	Etablering av informasjonssenter i SVR		2013/4254
ST 12/15	Lyse Produksjon A/S sine inngrep ved Krokavatn i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gnr/Bnr, 22/7, Forsand kommune		2014/2395
ST 13/15	Eventuelt		

ST 1/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Vedtaket var samrøystes.

ST 2/15 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Ole Tom Guse og Leiv Rygg vart foreslått til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Ole Tom Guse og Leiv Rygg vert valde til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtaket var samrøystes.

ST 3/15 Referatsaker

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Sekretariatet la fram oversyn over vedtak i delegerte saker. Oversynet var sendt ut saman med sakspapira. Det var ingen merknader til sakene.

Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

ST 4/15 Orienteringssaker

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Sekretariatet orientert om desse sakene:

- Vedtak frå Klima- og miljødepartementet i to klagesaker i SVR. Styret har fått medhald i baa sakene. Vedtaka i departementet er tidlegare sendt styret til orientering.
- Delegeringa av myndigheit frå departementet til Miljødirektoratet. Delegeringa gjeld oppnemning av representantar til verneområdestyret, revidering av styrevedtekter, fastsetjing av stillingsinstruks for forvaltarane og vedtaksrett i klagesaker.
- Høyring av fagrapporten «Forenkling av utmarksforvaltning». Fagrapporten er tidlegare sendt verneområdestyret til orientering. Departementet opplyser at rapporten vil kome på høyring, og det vil også bli arrangert ein nasjonal konferanse om rapporten. Høyringsfrist og dato for ein slik konferanse har enno ikkje kome.
- Munnleg orientering om kulturminneseminar i november. SVR avvikla seminar om kulturminna i heia på Tingvatnsenteret i november. Dette var eit fagseminar for museum, kulturminneinstitusjonar, kommunar og fylkeskommunar. Sekretariatet vil fylgje opp arbeidet slik at det kan bli eit liknande seminar i 2015.
- Varsling om nasjonalparkkonferanse i 14. – 15. april 2015. Konferansen vert i Trondheim. Styremedlemmene må vurdere om dei kan delta. SVR dekkjer utgiftene.
- Forslag til revidering av vedtektene for verneområdestyra og ny stillingsinstruks for forvaltarane er sendt ut på høyring med frist 15. mars. På grunn av denne saka og høyring av fagrapporten om «Forenkling av utmarksforvaltning» må vi truleg ha eit styremøte før høyringsfristane går ut.

Vedtak

Styret tar sakene til orientering

Vedtaket var samrøystes.

ST 5/15 Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - planutkast til styregodkjenning

Forvalters innstilling

Verneområdestyret godkjenner framlegget til Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, med dei endringane som kom fram på styremøtet.

Forvaltningssekretariatet får fullmakt til å innarbeide verneområdestyret sine kommentarar i plandokumentet og sende forvaltningsplanen til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

Forvaltningssekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar i plandokumentet i samband med korrekturlesing og endeleg formgjeving av forvaltningsplanen.

Arbeidsutvalet får fullmakt til å avgjere om eventuelle sluttkommentarar frå Miljødirektoratet er av eit slik omfang at dei må leggjast fram for Verneområdestyret før forvaltningsplanen ferdigstillast.

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Styret hadde dialogmøte med Rådgjevande utval om denne saka frå 11.00 – 12.00. Frå Rådgjevande utval deltok desse:

- Ola Sukka, Villreinnemnda
- Gjermund Espetveit. Kraftprodusentane
- Preben Falck, DNT
- Geir Hovland, Statskog
- Asbjørn Haga, Jæren Smalelag

Sekretariatet gjekk gjennom siste versjon av forvaltingsplanen på dialogmøtet og noterte kommentarar og innspel til styrehandsaminga seinare på dagen.

Drøfting i styremøtet

Verneområdestyret ynskte at desse endringane vart innarbeidde i forvaltingsplanen før den vart sendt Miljødirektoratet for godkjenning:

- Side 34. Siste setning vert endra slik: «Installasjonar i samband med vindkraft er forbode etter verneforskriftene.»
- Side 44. Under avsnittet Private fritidshytter skal siste prikkpunkt flyttast til kapittelet om sakshandsaming.
- Side 52/53. Under avsnittet Felleskjøring skal denne setninga strykast: «Den andre skuterføraren må og ha snøskuterløyve i kommunen.»
- Side 63. I tabellen på denne sida skal heile merknadskolonnen fjernast.
- Side 115. Under avsnittet Retningslinjer for bruk av helikopter til Kjerag i samband med reiseliv, marknadsføring og basehopping skal det gjerast desse endringane:
 - Første kulepunkt vert endra slik: «Tidsvinduet vil bli strengt handheva og avgrensa til fire samanhengande dagar i andre halvdel av juni og fire dagar i september.»
 - Kulepunkt to skal fjernast.
- Side 131. Siste avsnitt vert flytta til kapittelet om Frafjordheiane.
- Side 171. I sist avsnitt skal Stavanger Turistforening strykast. Formuleringa i avsnittet blir då slik: «Forvaltingsstyresmakta vil følgje nøye med på utviklinga av ekstremsportaktivitetane på Kjerag. Om det blir naudsynt kan retningslinjene for desse aktivitetane bli revidert i samråd med utøvarar, grunneigar og Forsand kommune.»

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 6/15 Nasjonalpark som verneform i dei sentrale delane av SVR?

Forslag til vedtak

Styret ber om at sekretariatet legg spørsmålet om etablering av nasjonalpark i dei sentrale områda av SVR fram for kommunestyra til orientering og ei innleiande drøfting. Saka må og sendast over til dei tre fylkeskommunane.

Styret ber om at tilbakemeldingane vert samanfatta og lagt fram på neste styremøte til vidare drøfting.

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Styret hadde dialogmøte med Rådgevinge utval om denne saka frå 12.00 – 13.00. Frå Rådgevinge utval deltok desse:

- Ola Sukka, Villreinnemnda
- Gjermund Espetveit. Kraftprodusentane
- Preben Falck, DNT
- Geir Hovland, Statskog
- Asbjørn Haga, Jæren Smalelag

Sekretariatet la fram ein presentasjon om denne saka på dialogmøtet. Eit notat var også sendt ut til alle på førehand. Kommentrar og innspel til styrehandsaminga seinare på dagen vart noterte.

Statskog som er grunneigar i dei statlege areala i verneområdet, orienterte munnleg om korleis dei vurderte dette spørsmålet. Av orienteringa gjekk det fram at dei var positive til å etablere ein nasjonalpark med desse vilkåra:

- At drifta kan halde fram som no.
- At naudsynt motorisert ferdsel må være mogeleg som no.
- At nødvendig vedlikehald, mindre utvidingar/oppgraderingar av hytter og bygningar må være mogeleg, som no.

Dette er også i tråd med synet til fjellstyra i SVR. Eit formelt brev frå Statskog vil bli sendt verneområdestyret seinare.

Drøfting i styremøtet

Styret drøfta orienteringa, innspela frå dialogmøtet og vidare framdrift i saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 7/15 Tilbud om å overta forvaltingsansvar for verneområder

Forvalters innstilling

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene tar i mot tilbud fra Klima – og miljødepartementet om å overta forvaltningsansvaret for følgende verneområder: Lislevatn naturreservat i Bykle kommune, Hovden landskapsvernområde i Bykle kommune, Vidmyr naturreservat i Bykle kommune, Hisdal naturreservat i Bykle kommune, Ørestø naturreservat i Gjesdal kommune, Migaren naturreservat i Gjesdal kommune,

Øyastøl naturreservat i Hjelmeland kommune, Nordstølhei naturreservat i Hjelmeland kommune.

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Det vart reist spørsmål om også kommunane hadde fått tilbod om å ta over ansvaret for dei same verneområda. Styret ynskte difor å utsetje saka og delegere til i AU å gjere vedtak etter at dette var avklart.

Vedtak

Saka vert utsett. AU får fullmakt til å gjere vedtak i saka.

Vedtaket var samrøystes.

ST 8/15 Høringsuttalelse- endring av forskrift om vern for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landkapsvernområdet

Forvalters innstilling

Med bakgrunn i høringsbrevet angående endring/ tilføyelse i FOR-2000-04-28-409: forskrift om vern i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landkapsvernområdet støtter Verneområdestyret for SVR Fylkesmannen i Aust- Agders vurderinger angående disse løypene:

- Hovden- Sloaros i Bykle kommune
- Storenos 1 i Bykle kommune
- Storenos 2 i Bykle kommune
- Endenløypa i Bykle kommune
- Tjørnnuten i Bykle kommune
- Knaben- Knaberøysa i Kvinesdal kommune
- Sinnes- Degevassbu i Sirdal kommune
- Ljosland- Stikebosshei i Åseral kommune
- Borteli-Pytten i Åseral og Bygland kommune
- Ljosland- Lakkenstova i Åseral kommune

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Styret drøfta forslaget til vedtak, og det blei sett fram forslag om å endre punkt f i forskrifta slik:

«f) Borteli- Pytten i Åseral og Bygland kommunar. Kart datert xx.xx.2014. Løypa kan stengast av omsyn til villrein.»

Denne korrigeringa av forslaget til høyringsuttale vart vedteken med 13 røyster. Eitt styremedlem stemde for forslaget til vedtak slik det går fram av saksutgreiinga.

Vedtak

Med bakgrunn i høringsbrevet angående endring/ tilføyelse i FOR-2000-04-28-409: forskrift om vern i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområdet støtter Verneområdestyret for SVR Fylkesmannen i Aust- Agders vurderinger angående disse løypene:

- Hovden- Sloaros i Bykle kommune
- Storenos 1 i Bykle kommune
- Storenos 2 i Bykle kommune
- Endenløypa i Bykle kommune
- Tjørnnuten i Bykle kommune
- Knaben- Knaberøysa i Kvinesdal kommune
- Sinnes- Degevassbu i Sirdal kommune
- Ljosland- Stikebosshei i Åseral kommune
- Borteli-Pytten i Åseral og Bygland kommune
- Ljosland- Lakkenstova i Åseral kommune

Styret foreslår vidare at punkt f i forslaget til forskrift blir endret slik:

«f) Borteli- Pytten i Åseral og Bygland kommunar. Kart datert xx.xx.2014. Løypa kan stengast av omsyn til villrein.»

Vedteke med 13 røyster.

ST 9/15 Søknad om midlar til tiltak i verneområda i 2015

Forslag til vedtak

Verneområdestyret vedtek å søkje om midlar til desse tiltaka i SVR i 2015:

1. Utarbeiding av for besøks- og informasjonsplan i tre innfallsporter til SVR	200 000
2. Heiedagane 2015	75 000
3. Skjøtsel av lynghei i Hægebostad	50 000
4. Ungdom og lokal heiekultur, Ryfylke og Sirdal	30 000
5. Tilrettelegging for informasjon på Nesflaten, Suldal	150 000
6. Oppdatering og drift av fire interaktive tavler	100 000
7. Skjøtsel på Mån, Frafjordheiane	20 000
8. Utarbeiding av skjøtselplan for lynghei, Bygland/Åseral	40 000
9. Trykking av lokal flora, Bykle	20 000
10. Utarbeiding/trykking av lokal guide, Stranddalen i Suldal	75 000
11. Rydding av sti/informasjon på Nipe i Suldal	40 000
12. Skjøtsel Øygardstølmyra	30 000
13. Rydding av sti i Kvildalsdalen, Suldal	15 000
Til saman	845 000

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 10/15 Godkjenning av tiltaksplan for "Erstatningsbiotop Svartevatn"

Forslag til vedtak

Verneområdestyret i SVR har ingen vesentlege merknader til tiltaksplanen for «Erstatningsbiotop Svartevatn».

Styret understrekar at det er viktig at framdriftsplanen blir halden og at prosjektet vert ferdig i løpet av 2015.

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 11/15 Etablering av informasjonssenter i SVR

Forslag til vedtak

Styret viser til rapportane frå arbeidsgruppene og ber Arbeidsutvalet avklare med regionale og sentrale myndigheiter korleis ynsket om å etablere tre informasjonspunkt/informasjonscenter i SVR kan realiserast.

Etter denne avklaringa vert saka tatt opp på første AU-møte og forvaltingssekretariatet tar arbeidet med planlegginga vidare så fort som råd.

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 12/15 Lyse Produksjon A/S sine inngrep ved Krokavatn i Frafjordheiane landskapsvernområde, Gnr/Bnr, 22/7, Forsand kommune

Forvalters innstilling

Verneområdestyret melder Lyse Produksjon A/S til Politiet for brot på §3, punkt 1.1 i verneføreskrifta for Frafjordheiane landskapsvernområde. Brotet gjeld tiltak som er gjennomførte ved Krokavatn utan at det er sendt inn søknad til forvaltningsstyresmakta. Tiltaka omfattar mellom anna utviding av eksisterande overføringskanal frå Krokavatn, deponering av overskotsmassar i Krokavatn og planering av terrenget mellom Krokavatn og overføringskanalen.

Verneområdestyret ber Fylkesmannen i Rogaland om å stille krav om retting og avbøtande tiltak etter naturmangfaldlova sin §69. Omfanget av retting og avbøtande tiltak bør drøftast med SVR, men eit minstekrav må være betre sluttarronding og ytterlegare tiltak for å sikre raskare revegetering av dei berørte områda .

Saksprotokoll, verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Drøfting i møtet

Styret drøfta saka.

Vedtak

Som forslaget til vedtak.

Vedtaket var samrøystes.

ST 13/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane - 8.1.2015

Ingen saker vart tatt opp under eventuelt.